

Til mottakrar på adresselista

Leikanger, 27.01.2025

Vår ref. 641966-15


Varsel om planoppstart

Detaljregulering for Deponi Låvi skytebane

Vi varslar med dette oppstart av planarbeid for Deponi Låvi skytebane i Aurland kommune i henhold til §12-8 i plan- og bygningslova, med moglegheit for forenkla prosess. Asplan Viak AS gjennomfører planarbeidet på vegne av Statens Vegvesen. Oppstartsmøte med Aurland kommune vart gjennomført 12.desember 2024.

Planområdet

Planområdet ligg i Aurland kommune, ved Låvi skytebane. Området vert i dag nytta som skytebane. Kartutsnittet under syner framlegg til plangrense med svart stipla strek. Planområdet sitt samla areal er på om lag 95,1 daa.



Føremål

I samband med oppgradering av Lærdalstunnelen er det behov for massedeponi for overskotsmassar som vert henta ut av tunnelen ved etablering av blant anna havarinisjer. Ved Låvi skytebane er det store søkk mellom skyttarklubben sin standplass og der blinkane er, på hhv 100m og 200m, som kan nyttast som deponi. Det er også ynskje om støyvollar rundt bana. Området skal kunne ta i mot om lag 60 000 m³ steinmassar.

Konsekvensvurdering

Planarbeidet er vurdert til å falle inn under kriterie i Forskrift om konsekvensutgreiingar. Følgande tema skal konsekvensutgreiast etter vurdering av KU-forskrifta § 10:

- Vassmiljø/forureining
- Naturmangfald
- Landskap
- Støy
- Klimagassutslepp

Innspel til planarbeidet

Merknadar og innspel til oppstart av planarbeidet kan sendast på e-post til Morten Lexau: Morten.Lexau@asplanviak.no

Frist for å kome med merknadar/innspel til planoppstart er sett til 18.02.2025.

Spørsmål til planarbeidet kan rettast til Asplan Viak ved Morten Lexau på tlf. +47 48199559 eller på e-post. Nærare informasjon om planarbeidet, planinitiativ og referat frå oppstartsmøte, er gitt på nettsidene til Asplan Viak AS, <https://www.asplanviak.no/> under kunngjeringar.

Det vil vere mogleg å kome med merknadar til sjølve planforslaget når dette blir lagt ut til offentleg ettersyn.

Alle mottekne dokument og innspel vert oppsummert og kommentert, og vil verte ein del av plandokumenta i den vidare behandlinga av planarbeidet.

Med venleg helsing
Asplan Viak AS

Morten Lexau
Ingeniør vegprosjektering

Telefon 48199559

E-post Morten.Lexau@asplanvik.no